

MØTEPROTOKOLL

Herdla sokneråd

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd	Tysdag 16/10-2012	frå kl 18.30 - til 21.30
Sak frå : 45/ 2012 Sak til: 50/ 2012		<u>Møtestad:</u> Kyrkjelydshuset

Frammøtte: 6 av 8 medlemar

Til stades

Medlemer:

Karen Skråmestø, Kjellaug F. Eidsaa, Helge Heggernes, Martin Berland Øystese, Kjell Berland, Astrid Marie Haugland.

Varamedlem:

Meldte forfall:

Administrasjonen: Geir Viksund og Håkon Andersen

Andre frammøtte:

Underskrifter:

.....
.....
.....

Referat frå møte 11. september vart godkjent.

Referat frå møte 25. september vart godkjent.

Sak nr/år

45/2012 Meldingar

22/10 Inpirasjonsamling i Strusshamn kl 19.30

25/10 Prostisamling i Foldnes kyrkje kl 17.00

46/2012 Gudstenesteliste

16/9 Kl 10.30 Astrid Marie Haugland. Konfirmasjon. Offer: Arbeid i kyrkjelyden.

16/9 Kl 12.00 Astrid Marie Haugland. Konfirmasjon. Offer: Arbeid i kyrkjelyden.

23/9 Kl 11.00 Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: Bergen Søndagsskule, 6-årsbok
Familiegudsteneste. Hausttakkefest.

07/10 Kl 11.00 Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: Arbeid i kyrkjelyden . Diakoniens dag
Eldremiddag.

21/10 Kl 11.00 Erling Kopperud. Dåp. Offer: Amnesty Internasjonal
04/11 Kl 11.00 Hanne Zimmermann. Nattverd.
Allehelgensdag. Ikkje offer.

47/2012 Kyrkjeordning etter 2013

Soknerådet gjorde ferdig framlegg til lokal grunnordning.
Den vil bli lagt fram på kyrkjelydsmøte søndag 21. oktober etter gudstenesta.

48/2012 Kyrkjelydshuset.

Rådmannen sin innstilling er at soknerådet kan få kjøpe huset for kr 450 000.- +
omkostningar, kr 70 000.-
Soknerådet må bestemme om vi skal kjøpe huset for den prisen rådmannen foreslår,
eller inngå ny leigeavtale.

Vedtak:

Soknerådet meiner at kyrkjelydshuset er i ein slik tilstand at det ikkje vil svare seg å bruke
pengar til å reparere det.

Herdla sokneråd ynskjer primært eit kyrkjelydshus i nærleiken av kyrkja, men dette vil ta lang
tid å realisere. I mellomtida treng kyrkjelyden eit tenleg hus.

Soknerådet har smått med midlar, og er avhengig av at Kirkelig Fellestråd er med på
finansieringa.

Alternativet er, dersom Kirkelig Fellestråd, er med, å overta huset, rive det og bygge nytt.
Eventuelt saman med andre samarbeidspartnarar inntil nytt kyrkjelydshus står ferdig ved
kyrkja.

49/2012 Konfirmasjon

Praktisk tilrettelegging.

Etter konfirmasjonsgudstenestene i september, er det fleire ting vi må finne ei betre løysing på
neste år.

- Utmarsjen etter første gudstenesta gjekk for seint.
- Det gjekk også for seint å tømme parkeringsplassen.
- På Brua var det kaos, då det var stor trafikk i begge retningar.

Dette er nokre av problemstillingane. Vi må i god tid før neste konfirmasjon finne løysingar,
så vi unngår slike problem.

Utsett til neste møte.

50/2012 Offerliste 2013 1. halvår

Utsett til neste møte.

Neste møte vert tysdag 13. november kl 18.30

Heggernes, 16. oktober 2012

Helge Heggernes
skrivar (sign)